

Drangedal, den 16. november 1987

Rektor Kristian Bringedal,
Uskedalen.

Mange takk for brev!

Eg sit her og ser på punkta i brevet frå deg og vert meir og meir forferda over kor lite eg minnest frå tida i Uskedalen

Eg kom til Uskedalen straks over påske i 1952 og var der til og med skuleåret 1959-60. Det var ein landsens 4-delt skule. Lærarar var Anna Omvik og eg. Peder Kjærland kom seinare til med framhaldskule. Eg minnest ikkje kva tid framhaldskulen starta opp i Uskedalen. Kjærland heldt til i 2. etasje i skulehuset. Seinare fekk framhaldskulen rom i kjellaren i

bedehuset.

Eg sender ved foto. Det er frå 1968, noku år etter eg reiste frå Uskedalen. Men kan henda er ikkje biletet verre enn at folk kan kjenna meg.

Det er om lag det eg kan bidra med frå tida i Uskedalen.

Med helsing

Jon Holte.